

---

Vår referanse 2020/49854-3  
Dato 08.09.2020

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale til dispensasjonssøknad fra LNF-føremål - gnr 433 bnr 14 Hella indre - Alver kommune

Vi viser til oversendt dispensasjonssøknad om bruksendring, med ønske om uttale sendt oss frå Alver kommune, datert 31.08.2020. Frist for uttale er 28.09.2020.

Søknaden omhandlar bruksendring av eit gammalt våningshus til bod/lager/uthus til ein bustad som vart godkjent oppført som ny bustad med garasje og bod på eigedomen i 2016.

Eigedomen ligg i uregulert område definert som LNF-føremål i kommunedelplan for Radøy delrevisjon 2019.

### Uttale

Tiltaket som er søkt om ligg tett opp i fylkesveg 5484, som har ei fartsgrense på 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 1500. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse 3, mindre streng, jf. *Rammeplan for avkøyrslar (2017-2020)*. Det er her då ei byggegrense på 30 meter frå vegmidte.

Vestland fylkeskommune avdeling infrastruktur og veg har ingen merknader til om det vert gjeve dispensasjon til å gjere tidlegare våningshus om til bod/lager/uthus.

Dersom det vert gjeve dispensasjon til bruksendring av kommunen, må det søkast om dispensasjon frå bryggegrense frå fylkesveg hos Vestland fylkeskommune. Skjema for dette finn de på Statens vegvesen si heimeside [www.vegvesen.no/skjema](http://www.vegvesen.no/skjema) under overskrifta *Avkjørsel og byggegrenser*.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*